




VÅR

Det syng i baret
av sunnavèr
og solstrålar spelar
på Guds klavèr
ein springar som gjeng
so leikande lett
at bekkane dansar
i kåte sprett
og ropar ut
at no er det nett
før våren er her

- Karin Maria -





17. MAI PÅ FJÅGESUND GRENDEHUS.

Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Gudsteneste kl 12.30 v/Jørgensen

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Utlodding
- Leikar med premiering
- Premieutdeling for skikarusell, bok i ljosløypa og på Hyvre



Arr. Fjågesund velforening.



M/S VICTORIA

har sin fyrste tur for sesongen tysdag 19. mai, og vi oppmodar alle til å helse ho velkomen denne dagen! Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.



M/S HENRIK IBSEN

kjem onsdag 20 mai.

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.



TELEMARKS KANALRITTET

laurdag 30. mai.

Dalen – Lunde: 100 km for aktive turryttarar og mosjonistar. Kviteseid – Lunde: 55 km for mosjonistar. Rundløype: 24 km Lunde – Flåbygd – Lunde trim for familien.

Matstasjon ved krysset til Fjågesundbrua.

KONFIRMASJONGUDSTENESTE

i Fjågesund kyrkje søndag 31. mai kl. 11.00
v/Jørgensen.

TELEMARK TOURS

passerar Fjågesund laurdag 6. juni. Når dei fyrste passerar er litt usikkert, men frå ca. 11.00 - 11.30 og utover dagen.

TUR TIL KOLLINGANE

søndag 7. juni. Vi møtas på grendehuslassen

kl 10.00, og køyrer samla til Jønnberg og parkerar der. Ta med niste. Værattehold. Kontaktperson Odd G. 90940585.

Arr.: Fjågesund IL



LOPPEMARKNAD I AUGUST!

Fjågesund IL har lyst til å gjentake suksessen frå i fjor, og vil arrangere ein loppemarknad i slutten av august. Ryddar du på loft og i kjellar så ha oss i tankane! Du har nå sjansen til å bli kvitt ting du ikkje brukar lenger, men som kan ha verdi for andre. Dato for levering av lopper vert annonsera seinare.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:

fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook